



Vår saksbehandlar: Elisabeth Gjerde
Sak nr D- 62/17
Direkte telefonnr.: 53423154
Vår dato: 23.02.2017
Dykkar dato: 05.01.2017
Vår referanse: 2016/406-2567/2017
Dykkar referanse:

FRONTA AS
Postboks 1314
5406 STORD

Påsleppsløyve og løyve til plassering av dieseltank og oljeutskiljar 89/122 Hollund

Viser til Dykkar søknad mottatt 05.01.17 om bygging av dieseltank og plassering av oljeutskiljar på gnr./bnr. 89/122.

I samsvar med Bømlo kommune sitt delegasjonsreglement har rådmannen gjort følgjande

ADMINISTRATIVT VEDTAK:

PÅSLEPPSLØYVE

I medhald av Lov om vern mot forureining og om avfall §7, jamfør forureiningsforskrifta kap. 15 A, vert det gjeve påsleppsløyve til kommunal avlaupsleidning frå omsøkt vaskehall på gnr. 89 bnr. 122, Hollund.

Løyve vert gjeve med følgjande vilkår:

1. Det skal liggja føre avtale som omtalar installasjon, vedlikehald, tøyning, rapportering og tilsyn. Avtale må liggja føre før anlegget vert teke i bruk.
2. Oljeinnhald i utgåande vatn skal ikkje overstiga 50 mg olje pr. liter vatn.
3. Utskilt olje, slam/sand og samtidig avfall reknast som farleg avfall. Den skal tøyast og avfall leverast til godkjent renovatør minimum **1 gang pr år**. Føretaket skal ha rutine for jamleg tøyning og vedlikehald.
4. Det skal etablerast inspeksjons- og kontrollkum nedstraums og straks etter oljeutskiljaren. Det skal vere høve til å ta prøvar av avlaupsvatnet i kummen.
5. Føretaket skal ha internkontroll-system som sikrar rutinar for drift, kontroll og tøyning av oljeutskiljaren.
6. Det skal sendast inn rapport til Bømlo kommune for utført slamtøying og kontroll 1 gong pr år. Rapporten skal dokumentere oljeinnhald i utgåande vatn og dokumentasjon på innlevert avfall.
7. Eigar av påsleppsløyve er ansvarleg for evt. forureining, j.fr. § 7 i Forureiningslova.
8. Dersom arbeidet ikkje er sett i gong innan tre år, fell dette påsleppsløyvet bort.

BYGGJELØYVE

Adresse: Rådhuset, Leirdalen 1, 5430 BREMNES
postmottak@bomlo.kommune.no
www.bomlo.kommune.no
Telefon: 53 42 30 00
Telefax: 53 42 30 01
Organisasjonsnr.: 834 210 622
Bankgiro: 3201.61.51687
Postgiro for skatt: 6345.06.12199

I medhald av Plan- og bygningslova §20-2 a, jamfør §20-3, vert det gjeve løyve til plassering av dieseltank og oljeutskiljar på gnr./bnr. 89/122, Hollund.

Tilsyn:

I følgje pbl §25-2 kan kommunen føra tilsyn kva tid som helst i løpet av byggjesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gjeve. Bømlo kommune har utarbeida eigen strategiplan for tilsyn gjeldande for 2016. Tilsyn i Dykkar prosjekt vil bli vurdert ut frå gjeldande strategiplan.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår og merknader:

1. Før oppstart av dei ulike fagområda, lyt det liggja føre erklæring om ansvarsrett jf. motteke gjennomføringsplan. Kopi av erklæringane må snarast råd og før igangsetting av arbeid sendast kommunen. Dette gjeld også ved endring av ansvarleg føretak for dei ulike fagområda.
2. Det må gjennomførast vurderingar og tiltak for å unngå fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett, sikringstiltak av gåande/køyrande gjennom anleggsområdet.
3. Tiltaket krev utstikking i plan og høgde. Tiltaket må plasserast etter godkjent situasjonskart.
4. Det lyt førast naudsynt kontroll slik at tiltaket ikkje strir i mot regel gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, reguleringsplan med føresegner, eventuelle rekkefylgjekrav, eller føresegner i gjeldande kommuneplan.
5. Oppmålingsdata for va-anlegg, levert i sosi-standard (spesifisert kva som er målt - t.d. kum, leidning, slamtank), må sendast Bømlo vatn- og avløpsselskap AS på e-post til post@bva.no snarast råd og seinast ved søknad om ferdigattest.
6. Dersom arbeida råkar offentleg veg/avkøyrsele må ansvarleg entreprenør sjå til at det på førehand ligg føre godkjent graveløyve og arbeidsvarsling/skiltplan frå vegeigar, dvs. Bømlo kommune v/teknisk drift eller Statens vegvesen.
7. Kvittert gravemelding frå Bømlo Vatn- og Avløpsselskap AS, Finnås Kraftlag og Telenor må liggje føre før gravearbeida tek til.
8. Tilkopling til tekniske anlegg skal skje etter vilkår og retningslinjer frå Bømlo Vatn- og avløpsselskap AS. Påkoplingspunkt for vatn og avløp må utførast i samsvar med opplysningar gjeve i BVA si førehandsmelding.
9. Seinast ved søknad om ferdigattest skal det liggja føre:
 - a. Spesifiserte geodata for endeleg plassering av bygg- og va-anlegg (sosi-format), jamfør vilkår ovanfor.
 - b. Kvittering for levert bygge- og anleggsavfall frå godkjent deponi.
 - c. Dokumentasjon på at FDV-dokument er levert tiltakshavar/eigar.
 - d. Oppdatert og kvittert gjennomføringsplan.

Merknad:

- Tiltak som støttemur/vesentleg terrengheving eller utfylling mot tilgrensande naboar er også søknadspliktig arbeid.
- Søknad om mellombels bruksløyve krev grunngeving.
- Bygningen/tiltaket eller del av han **må ikkje takast i bruk** utan at det er gjeve ferdigattest, j.fr. Pbl § 21 - 10.
- Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som går fram av løyve
- Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år. Det same gjeld dersom tiltaket stoppar i lengre tid enn 2 år, j.fr. Pbl § 21 – 9.

.....

Vår gjennomgang av søknaden og bygnings-/adresseopplysningar som vert registrert i matrikkelen:

Dokument i saka:

1. Søknad om løyve til tiltak, mottatt 05.01.2017

Tiltakshavar:	Hordaland fylkeskommune		
Ansvarleg søkjar:	FRONTA AS		
Eigedom:	Gnr/ bnr:	89/122	Bygn.type kode: 219
Adresse:		Bygn nr:	16824852
Førehandsmelding BVA AS:	BVA AS har påvist kopling for VA anlegg/brannkum, jamfør deira kart datert		
Teknisk infrastruktur:	Søkjar har i søknaden stadfesta at rett til tilkomst etter § 27-4 og rett til vatn og avlaup etter §§ 27-1, 27-2 og 27-3 er sikra.		
Vatn:	Tilkoplast offentleg vatn.		
Avlaup:	Tilkoplast offentleg avlaup		
Avstand nabogrense (Jmf PBL 29-4):	> 4 meter		
Avstand anna bygg:	> 8 meter		
Avstand midte veg:	meter		
Avkøyrsl frå:	Kommunalveg	Tiltaket gjev ikkje endra avkøyrsl.	
Planstatus:	I regulert område R- 12 er området avsett til industri-føremål.		
Visuelle kvalitetar (jmf PBL § 29-2):	Etter pbl §29-2 skal kvart tiltak prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjon og omgjevnad. Tiltaket er vurdert som tilfredstillande i forhold § 29 – 2 PBL.		
Nabovarsel (jmf. PBL § 21-3):	Ingen merknader.		
Dispensasjon (jmf. PBL § 19-2):	Ikkje relevant i denne saka		
Naturmangfaldlova:	I høve til naturbase og artskart er det pr. 23.02.2017 ingen registreringar av prioriterte artar, trua eller nær trua artar. Det er heller ingen registrerte naturtypar i området. Dermed er det ikkje påvist mulige effektar av tiltaket på naturmangfaldet. Vilkår i § 8 om at kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter er i denne saka oppfylt. Dersom det er registreringar i området skal prinsippa i §§ 8-12 fylgjast.		

Kulturminne:	I høve til Riksantikvaren sin kulturminnedatabase/SEFRAC så er det pr. 23.02.2017 ingen kjende registreringar på tomta. Alle byggjeområde er likevel underlagt undersøkingsplikt etter kulturminnelova. Tiltakshavar har aktsemd- og meldeplikt. Dvs. at arbeidet skal stoppast og kulturminnemynde varslast dersom tiltakshavar oppdagar gjenstandar eller spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.
Saksutgreiing/ vurdering:	Etter ei samla vurdering er det ikkje noko til hinder for at tiltaket kan utførast som planlagt.
Anna:	

Gebyr:

Gebyr vert fastsett etter gjeldande regulativ og Pbl § 21 - 7, jf. SAK 10, kapittel 7. Faktura vil bli tilsendt tiltakshavar frå vår økonomiavdeling. Nærare informasjon om saksbehandling, gebyr m.m. er å finna på www.Bømlo.kommune.no (**bustad og eigedom**).

Klagerett:

Informasjon og vegleiing om klagerett finn De på vedlagte skjema.

Med helsing
Bømlo kommune

Elisabeth Gjerde
Avd. ingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:

BØMLO VATN OG AVLØPSELSESKAP AS

SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 214 5445 BREMNES

Svartasmåget 5419 FITJAR

Postboks 7900 5020 BERGEN

Sendar Bømlo Kommune Arealbruk 5430 Bremnes	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova §27 3.ledd)
Klageinstans: Fylkesmannen i Hordaland, justisavdelinga	Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klaga på vedtaket De no er gjort kjend med
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket
Kven kan De klage til?	Klage sender De til Bømlo Kommune. Dersom ikkje vedtaket vårt vert endra som følgje av klagen, sender vi klaga over til Fylkesmannen i Hordaland.
Klagefrist	Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klagen. De kan søkje om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjevast.
Innhald i klagen	De må oppgje kva for ei vedtak De klagar på, grunn til at De klagar, dei endringane De ynskjer og evt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
Utsetting av gjennomføringa av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk med det same. Men De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå dokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unnatak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i Forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåte og om reglane for saksgongen.
Kostnadane med klagesaka	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til Dykkar fordel, kan De ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil om naudsynt gjera Dykk merksam på retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Evt. krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan 3 veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for Dykk
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om dei har gjort feil elle forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er i statsråd, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	